

Bergara B14 GRS Berserk 308 Winchester

TEKST & FOTO: JØRUND LIEN

PRESIS RIFLE

til jakt og jaktfelt

GRS-skjefte er blant dei mest populære til langholdskyting, jaktfelt og elgbane og 308 Winchester er presisjonspatron per definisjon. Dermed kan det passe med test av vanleg 308 Winchester jaktrifle med GRS Berserk skjefte.

TIL NÅ HAR EG bare testa tre Bergara B 14, men alle tre har prestera god presisjon. Derfor er Bergara B 14 absolutt ein kandidat til å bygge forholdsvis rimeleg presisjonsrifle for både jakt og skyting. Testrifla er i grunnen bare ei standard Bergara B 14 308 Winchester med GRS Berserk skjefte utan bedding eller anna endring, prisen er såpass snill som kroner 11990!

I ORIGINAL STAND ER Bergara B 14 308 Winchester ei rimeleg lett og hendig jaktri-

fle, med GRS Berserk og SIG SAUER Whiskey5 2,4-12x56 endar vekta på 4,75 kg, og for meg er det meir passende vekt for konkurranserifler enn jaktrifler. Men kvar sin smak.

ALL DEN TID AT Bergara B 14 GRS passar best som presisjonsrifle for meg, starta testskytinga med fabrikk-

Laust magasin er populært, men tre skot i magasinet kan vere upraktisk til konkurranseskyting. Fast magasin med hengsla magasinbotn tar fire patroner, med ei patron i kammer er det fem patroner totalt i Bergara B 14 308 Winchester. Ein anna fordel er at fast magasin er vanskeleg å gløyme eller miste.



ladde 308 Winchester matchpatroner og femskots-seriar. Og den enkle konklusjonen av skytinga er god presisjon frå rimeleg rifle! Bortsett frå Lapua Scenar OTM 155 grs og Sako Speedhead 123 grs gav alle matchpatroner 20 mm eller betre gjennomsnitt for to femskot med 100 meter skyteavstand. Best av alle prestera RWS Target Elite Plus 168 grs med 12 mm gjennomsnitt! Godt nok til det meste av konkurranseskyting det.

ETTER DESSE RESULTATA MED matchpatroner var det ingen grunn til å ikkje teste fabrikk-ladde jaktpatroner med to femskot. Som venta var ikkje presisjonen like god med alle jaktpatroner, men likevel meir enn god nok til all jakt med 308 Winchester. Best presisjon gav dei to homogene fabrikk-ladde, både Hornady Superformance 150 grs GMX og Norma Kalahari 150 grs hadde 13 mm gjennomsnitt på to femskot! Ingen-ting anna enn imponerende det.

NESTE TEST VAR HEIMELADDE patroner med matchkuler. Både for å finne ut om kva kule som samla best, men og kva krut og



Fem skot på 100 meter med fabrikkkladd Norma Kalahari 150 grs i Bergara B 14 GRS 308 Winchester.



ladevekt som passa best.

OM LADEVEKT ER DET så at 155 grs Lapua Scenar gav best presisjon med middels ladevekt for alle tre krut, og samla jamt over best med N 140. 155 grs Sierra MatchKing vart bare testa med N – 11, minste ladevekt samla best. 167 grs Lapua Scenar lika best middels ladevekt med N 150, det gjorde og 168 grs Norma Diamond Line, men med 203 B gav minste ladevekt best samling. Med 168 grs Hornady A-Max passa minste ladevekt best med begge krut.

For samanlikningas skuld måtte jaktkula 165 grs Nosler AccuBond med, den gav like gode presisjon som matchkulene og minste ladevekt var mest presis.

SJØLV OM EIN EINASTE femskot med kvar ladning er for lite til å gje sikre bevis om presisjon, må likevel konklusjonen av denne testen med forskjellige kuler og ladevekt vere at middels ladning er meir presis enn makskladning i denne rifla. Ingen av kulene gav best presisjon med makskladning. ➡➡



TESTSKYTING

Test av matchkule med forskjellig krut og ladevekt - hastighet og samling er for ein femskot, skyteavstand 100 meter.

KULE:	KRUT:	VEKT:	HASTIGHET:	SAMLING:
155 grs Lapua Scenar	N 140	41,5 grs	755 m/s	23 mm
		43 grs	790 m/s	15 mm
		44,5 grs	821 m/s	21 mm
	N - 11	42 grs	763 m/s	30 mm
		44 grs	800 m/s	27 mm
		46 grs	837 m/s	32 mm
NC 96 M	42 grs	755 m/s	30 mm	
	44 grs	796 m/s	20 mm	
	46 grs	831 m/s	32 mm	
155 grs Sierra MatchKing	N - 11	42 grs	734 m/s	25 mm
		44 grs	779 m/s	37 mm
		46 grs	818 m/s	41 mm
167 grs Lapua Scenar	N 150	41,5 grs	749 m/s	28 mm
		43 grs	770 m/s	26 mm
		44,5 grs	791 m/s	32 mm
168 grs Norma Diamond Line	N 150	41,5 grs	729 m/s	18 mm
		43 grs	757 m/s	16 mm
		44,5 grs	785 m/s	23 mm
	203 B	41,5 grs	722 m/s	22 mm
		43 grs	755 m/s	26 mm
168 grs Hornady A-Max	203 B	41,5 grs	750 m/s	19 mm
		43 grs	784 m/s	25 mm
		44,5 grs	809 m/s	27 mm
	N - 11	42 grs	746 m/s	23 mm
		44 grs	788 m/s	25 mm
165 grs Nosler AccuBond	203 B	41,5 grs	738 m/s	14 mm
		43 grs	774 m/s	18 mm
		44,5 grs	804 m/s	25 mm



TESTSKYTING

Bergara B14 308 Winchester GRS Berserk, SIG SAUER Whiskey5 2,4-12x56 og Hausken JD 224. All testskyting frå skytebenk, skyteavstand 100 meter, hastighet og samling er gjennomsnitt av to femskotsseriar.

MATCHPATRON	HASTIGHET	SAMLING 5 SKOT
Lapua Scenar 155 grs	827 m/s	24 mm
Lapua Scenar 167 grs	794 m/s	20 mm
Lapua Scenar 175 grs	761 m/s	18 mm
Lapua Scenar 185 grs	703 m/s	19 mm
Norma Diamond Line 168 grs	745 m/s	18 mm
RWS Target Elite Plus 168 grs	770 m/s	12 mm
Sako Racehead 168 grs	810 m/s	19 mm
Sako Speedhead 123 grs	888 m/s	25 mm
JAKTPATRON	HASTIGHET	SAMLING 5 SKOT
Black Hills Gold 180 grs Nosler AccuBond	771 m/s	30 mm
Federal TBT 165 grs	831 m/s	24 mm
Hornady Superformance 150 grs GMX	867 m/s	13 mm
Norma Kalahari 150 grs	850 m/s	13 mm
Norma Oryx 165 grs	817 m/s	33 mm
Norma Oryx 180 grs	785 m/s	37 mm
Sako SHH 180 grs	772 m/s	27 mm
Winchester PowerMax 150 grs	837 m/s	38 mm

Bergara B14 GRS Berserk 308 Winchester

SISTE TESTSKYTING MED BERGARA B 14 GRS 308 Winchester var ei av dei nyaste jaktkulene ladd med kjente og mindre kjent krut. Her er hastighet og samling resultat av ein einaste treskotsserie, men det er likevel klare tendensar til at enkelte krut fall betre i smak enn andre. Best presisjon gav 170 grs GECO Plus med Varget, begge seriar målte 15 mm, N 150 gav god presisjon, det gjorde og 48 grs H 380. Men bortsett frå desse var presisjonen bare middelmådig med 170 grs GECO Plus i testrifla. Rett nok er det meste heilt greitt til normale skothald på norsk storviltjakt, men det faktum at 170 grs GECO Plus vart testa med treskotsseriar og 165 grs Nosler AccuBond med femskots-seriar gjer presisjonsforskjellen større enn det kan sjå ut som bare med å samanlikne millimeter på samlingar.

OM BERGARA B 14 GRS 308 Winchester er passende jaktrifle må du bestemme, for meg er den mest presisjonsrifle på grunn av vekt. Presis er den i alle fall, særleg med patroner/kuler/ladningar den likar, avtrekket er godt og GRS Berserk passar presisjonsrifle

stilen. Det einaste som ikkje passar er laust plastmagasin som tar tre patroner. Om eg skulle kjøpt Bergara B 14 GRS ville eg hatt fast magasin med hengsla magasinbotn. Det tar fire patroner, og er minst like praktisk og velfungerande som laust plastmagasin. Men magasinet er stort sett det einaste eg har å utsette på Bergara B 14 GRS 308 Winchester. Bortsett frå vekt og om eller når den skal brukast som jaktrifle.

FAKTA

Modell: Bergara B14 med GRS Berserk og SIG SAUER Whiskey5 2,4-12x56
Pris: 11 990 kroner
Vekt: 4,75 kg
Løpslengde: 56 cm, munningsdiameter 16,7 mm innanfor dempergjenger
Minste total lengde: 105 cm
Avtrekksvekt: 1,6 kg
Annet: Laust plastmagasin for tre patroner
Importør: Pedersens Vaabenlager AS, tlf 38 02 53 68



Matchpatrona RWS Target Elite Plus og jaktpatronene Norma Kalahari 150 grs og Hornady Superformance 150 grs GMX gav best presisjon av alle fabrikkkladde i Bergara B 14 GRS 308 Winchester.




TESTSKYTING - HEIMELADD

KULE	KRUT	VEKT	HASTIGHET	SAMLING 3 SKOT
170 grs GECO Plus	203 B	42 grs	746 m/s	40 mm
		44 grs	792 m/s	51 mm
N 150	42 grs	749 m/s	29 mm	
	44 grs	778 m/s	22 mm	
CFE 223	43 grs	746 m/s	42 mm	
	45 grs	794 m/s	42 mm	
Lovex SO 62	42 grs	731 m/s	39 mm	
	45 grs	779 m/s	35 mm	
Varget	43 grs	759 m/s	15 mm	
	45 grs	786 m/s	15 mm	
Lovex SO 65	44 grs	735 m/s	44 mm	
	46 grs	770 m/s	38 mm	
N 550	43 grs	730 m/s	37 mm	
	46 grs	784 m/s	48 mm	
H 380	46 grs	748 m/s	39 mm	
	48 grs	780 m/s	15 mm	
URP	46 grs	746 m/s	32 mm	
	49 grs	796 m/s	28 mm	
H 414	47 grs	756 m/s	48 mm	
	50 grs	803 m/s	36 mm	



Testrifla var utstyrt med SIG Sauer Whiskey5 2,4-12x56 kikkertsikte.



- + Presisjon
- Laust plastmagasin for tre patroner
- = Litt jaktrifle, mest jaktfelt, elgbane og langholds rifle